



Samferdselsdepartementet

Oppgradering av Lærdalstunnelen

Sogn regionråd har i møtet 25. april 2023 vedteke følgjande fråsegn:

Både i møte med samferdsleminister Jon-Ivar Nygård 2. mars og i brev 10. mars i år gav Sogn regionråd og kommunane Lærdal og Aurland uttrykk for tvil om Statens vegvesen sin varsle konsekvensanalyse ville bli so omfattande at den tok opp i seg alle utfordringane og konsekvensane i tilstrekkeleg grad.

No ligg «konsekvensanalysen» her, i form at ei «Vurdering av løysingar for trafikkavvikling».

Dette er ikkje nokon konsekvensanalyse. Det ligg diverre som premiss at føremålet berre er å samanlikne to alternativ:

- *Heil stenging*
- *Stenging berre på natt*

Sett i høve til kommunane og rådet sitt sterke ynskje om ei konseptvalutgreiing (KVU) gjer premissane denne utgreiinga alt for snever og difor mindre interessant.

I møte 2. mars og i brevet 10. mars bad vi statsråden om ein god og open prosess i etterkant, der lokalsamfunna vart høyrde. Vi kan ikkje sjå at departementet har lagt opp til det. Snarare tvert om; konklusjonane i analysen vert presenterte som om avgjer om stengingsregime alt er teke.

Rådet meiner difor at kunnskapsgrunnlaget så langt ikkje er godt eigna til å sikre lokal forankring jf. vedtaket i ein samråystes transport- og kommunikasjonskomité før juli i 2022. Tilliten til både SVV og departementet er diverre svekka som følgje av opplevd motvilje mot å nytte tid og ressursar for å få fram heile biletet, med alle utfordringane, konsekvensane og – ikkje minst – gode løysingar.

Det er t.d. framleis ikkje kjent kva eit nytt løp vil koste. Det kjem ikkje fram om det er sannsynleg at tunnellsikkerheitsforskrifta innan rimeleg tid vert endra til å krevje to løp i TENT-vegnettet. Kva vil skje om tjue år? Vert det då ny stenging i fem år?

Det kjem dessutan fram av rapporten at mange både offentlege etatar, næringsliv, private og tredje sektor vert påførde store problem og ekstrakostnader i samband med stenginga. Det er ikkje opna for at desse monalege ekstrakostnadane – heilt eller delvis – vert dekte. Rådet er sterkt usamd i dette og føreset dialog med departementet om kompensasjon utifrå den spesielle situasjonen som no kjem til å råke heile Indre Sogn og regionane på aust- og vestsida av tunnelen.

Analysen stadfester det vi har hevdat heile tida; Indre Sogn vil merke dei negative verknadane sterkt. Særleg gjeld det kommunane som ligg nærmast tunnelen. Blålyseatane vert hard råka. Begge stengingsalternativa gjev store ulemper for spesialisthelsetenesta og medfører store

ekstrakostnader. Det same gjeld primærhelsetenesta. Dyrehelsa vert råka. Politi må legge om vaksamarbeid og vert påført ekstrakostnader.

Energiforsyninga vert meir krevjande, med m.a. Statnett si oppgradering av 420 kV linja mellom Sogndal og Aurland og drifta av Sognekraft sitt straum- og fibernet. Gods- og persontransport vert hindra. Næringslivet må vente monaleg omsetnadstap med negativ verknad for sysselsetting og rekruttering.

I tillegg kjem dei negative verknaden på oppvekstvilkår, pendling, organisasjonsliv og fritidsaktivitetar.

Sogn regionråd held difor fast på ynskje om ei konseptvalutgreiing og er usamdi i det sære avgrensa mandatet som ligg til grunn for analysen.

Rådet er likevel samd i at i valet mellom to onder er ei form for nattestenging med avbøtande tiltak å føretrekke framfor heilt stengt tunnel.

Når det gjeld avbøtande tiltak er rådet samd i at:

- *Det må setjast inn auka ressursar på drift og vedlikehald av rv. 13 frå Vinje til Sogndal og på fv. 50 Aurland – Hol, særleg på vinterstid*
- *Akutt vedlikehald på rv. 5 Fodnestunnelen må gjennomførast før anleggsstart. Dette arbeidet må vere avslutta før stenging av Lærdalstunnelen*
- *Krav om nullutslepp gjer det mindre aktuelt å sette inn ferje mellom Lærdal og Gudvangen, men Vangsnes – Hella – Dragsvik må styrkast - særleg om natta - og det må vere mogeleg å få fram viktig gods med eit ferjetilbod mellom Flåm og Lærdal/Kaupanger*
- *Det må vere mogeleg med naudoppdrag med båt mellom Aurland og Lærdal*
- *Det er naudsint med restriksjonar og auka kontroll med tyngre køyretøy på fv. 5627 Aurlandsfjellet*
- *SVV må setje inn ekspressbåt med tilbringarteneste og ta kostnadene både med båt, buss og ev. overnatting. Ruteopplegget må skje i tett dialog med kommunane*

Rådet føreset at det no vert lagt til rette for tett dialog og påverknad når det gjeld både stengingsregime og dei avbøtande tiltaka.

Med helsing

Roy Egil Stadheim
leiar Sogn regionråd

Brevet er elektronisk og er utan handskriven underskrift